



Meland kommune

Radøy kommune
Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/709 - 15/6518

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
07.04.2015

Kommunestruktur - oppstart reelle drøftingar

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Ingvild Hjelmtveit | FE - 002 | 15/709 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 24/2015 | Kommunestyret | PS | 25.03.2015 |

Kommunestruktur - oppstart reelle drøftingar

Vedlegg:

Etablering av ein ny kommune med utgangspunkt i Lindås, Meland og Radøy kommunar -
Forhandlingsutvalet si utgreiing - utkast

Kommunereformen SAS avtale oversatt til Nordhordlandsk

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til bestilling i møte i formannskapet 11.03.15.

«Formannskapet oppmodar rådmannen til å koma med sak i neste kommunestyremøte basert på
følgjande:

Meland vil snarast gå i gang med reelle drøftingar etter modell frå SAS-kommunane. Dette inneber politikareigd- og styrt modell, der det vert sett ned forhandlingsutval på tre medlemmer frå formannskapet. Vi ønskjer å ta modell av SAS-utgreiinga med tanke på metodikk, tematikk og prinsipp.

Meland er opne for å drøfta med alle nabokommunane, men ser ikkje vekk frå at vi kan starta drøftingane med færre kommunar, og så dela informasjonen med andre, og gje andre høve til å slutta seg til drøftingane undervegs.»

I desember 2014 fatta kommunestyret vedtak om at Meland kommune skulle gå i reelle drøftingar med interesserte nabokommunar med sikte på å bli samde om å etablere ein ny kommune. Dei andre kommunane i regionen fatta liknande vedtak. Mange av kommunane har vedtak om å utgreie fleire alternativ.

I tida etter nyttår har det vorte jobba med framdriftsplanar og modellar med sikte på å få med alle kommunar som er interesserte i reelle drøftingar. Det har synt seg krevjande å kome i gang med prosessen då det er mange aktørar og til dels ulike interesser.

Vurdering

Tida går fort, og dersom vi skal kome i gang med drøftingar før kommunevalet, må arbeidet startast opp no. Det er og viktig med tanke på at det er ein del som skal avklarast før endeleg vedtak kan fattast våren 2016. Dette er siste frist dersom vi skal fatte vedtak i den frivillige prosessen slik Regjeringa no har lagt opp løpet.

I møtet i Regionrådet fredag 13.03.15 vart det fatta vedtak om å gå i gang med reelle drøftingar innafør det alternativet som omfattar heile Nordhordland, inklusive kommunar i Ytre Sogn. Det inneber at kommunane Solund, Gulen, Masfjorden, Modalen, Fedje, Austrheim, Radøy, Meland og Lindås skal forhandle med sikte på å lage ein modell for ein ny kommune. Osterøy kommune har gjort vedtak om å ikkje utgreie Nordhordlandsalternativet i denne runden. Kommunane skal velje inntil 3 representantar inn i eit forhandlingsutval. Sjølv forhandlingane er tenkt starta like over påske, i eit møte førebels sett til den 16. april. Det er engasjert prosjektleiar gjennom NUI IKS (Nordhordland utviklingselskap) til å leie denne prosessen fram til endeleg vedtak våren 2016.

At så mange kommunar skal forhandle gjer at prosessen vert utfordrande. Ordførarane i Radøy, Lindås og Meland har difor vorte samde om å gå i gang med ein parallell prosess til den store Nordhordlandprosessen. Den mindre prosessen er tenkt bygd opp etter same mal som kommunane i SAS (Stokke, Andebu og Sandefjord) la til grunn for sitt vedtak 5. februar 2015 om å etablere ny kommune.

Vedlagt til denne saka ligg det eit døme på korleis eit forhandlingsresultat mellom kommunane Lindås, Radøy og Meland kan sjå ut. Utkastet byggjer på det forhandlingsutvalet i SAS vart samde om. Det er ingen ting i vegen for at dette utkastet kan byggjast ut til å omfatte heile Nordhordland.

Det bør opprettast eit forhandlingsutval på maks 3 personar frå kvar kommune. Posisjonane ordførar, varaordførar og leiar av største opposisjonspartiet bør utgjere forhandlingsutvalet. Avgrensinga på tre frå kvar kommune er gjort for at utvalet ikkje skal bli for stort. Forhandlingsutvalet må syte for gode prosessar og god forankring internt i den kommunen dei representerer. Om det skal etablerast undergrupper og lokale arbeidsgrupper vert opp til forhandlingsutvalet å avgjere.

Rådmann meiner at dei tre som vert oppnemnd til å forhandle med Lindås og Radøy, også bør utgjere dei som forhandlar med det store Nordhordlandsalternativet, og eit eventuelt Bergensalternativ. Det vert uryddig dersom vi skal ha fleire ulike forhandlingsutval i sving samstundes. Det kan verte stor arbeidsbelastning på dei tre politikarane som skal forhandle. Dette må vi søkje å løyse med frikjøp.

Det har vore etterspurt kor tid dei tilsette sine organisasjonar sal involverast. Dette vil skje så snart prosessen reelt er kome i gang, og det er konkrete ting som skal drøftast. Arbeidet med å «rigge» den nye kommunen kan ikkje starte opp før det formelt er søkt om å etablere ny kommune. I denne fasen vil sjølv sagt dei tilsette sine organisasjonar bli involverte. Det å forhandle fram eit avgjerslegrunnlag er først og fremst ein politisk prosess. Forhandlingsutvalet bør likevel orientere både administrasjonsutval, formannskap og kommunestyre undervegs.

Det kan bli krevjande å halde liv i mange parallelle prosessar, samstundes som ein skal syte for framdrift. Vi har no tre konkrete prosessar i gang, den store Nordhordlandprosessen, den mindre prosessen med Lindås, Radøy og Meland samt Meland og Bergen. I løpet av våren bør nokon av desse prosessane lukkast.

Det vil gå med ein del møtedagar for deltakarane i forhandlingsutvala. Vi bør difor vurdere frikjøp for varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet. Varaordførar har frikjøp tilsvarande 20 % stilling, men det held ikkje til så omfattande møteaktivitet som det kan kome til å bli her. Leiar av det største opposisjonspartiet har ikkje frikjøp i dag. Det er ikkje lagt inn budsjettmidlar til frikjøp ut over det som følgjer av politisk reglement i dag. Dette er likevel noko vi må vurdere for å gje rimelege arbeidsvilkår for folkevalde i denne prosessen.

Konklusjon

For å få god nok til til dei forhandlingane som skal gjennomførast, bør arbeidet startast umiddelbart, helst før påske. Sjølv om det er val til hausten og vi ikkje kjenner den politiske samansetjinga, meiner rådmann mykje av det som bør forhandlast om kan formulerast allereie no. I så måte syner vi til vedlagde utkast til forhandlingsavtale. Rådmann understrekar at dette er eit utkast tufta på det som vart lagt til grunn for kommunane Stokke, Andebu og Sandefjord. Korleis vår avtale vert sjåande ut er opp til forhandlingsutvalet å avgjere.

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune inviterer nabokommunane Lindås og Radøy til konkrete forhandlingar med sikte på å kunne fatte vedtak om å etablere ein ny kommune våren 2016. Det vert oppretta eit politisk forhandlingsutval som består av ordførar, varaordførar og leiar for det største opposisjonspartiet. Rådmann tiltrer forhandlingsutvalet administrativt. Det er eit mål at forhandlingane kan starta opp snarast.
2. I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:
 - a) likeverd mellom kommunane,
 - b) at nærdemokratiet skal takast i vare,
 - c) at gjeldande planverk i kommunane skal gjelde som kommunedelplanar fram til nytt felles planverk er vedteke.
3. Det politiske forhandlingsutvalet har ansvar for å gjennomføre forhandlingane. Rådmann fungerer som sekretariat.
4. Forhandlingsutvalet sitt mandat er å utarbeide
 - framdriftsplan,
 - overgangsordningar,
 - framlegg til politisk organisering, under dette korleis nærdemokratiet kan takast i vare,
 - felles søknad til Kongen om ny kommune.
5. Forhandlingsutvalet orienterer fortløpande administrasjonsutval, formannskap og kommunestyre.
6. Kommunestyret i Meland tek sikte på å handsame sak om å søkje om å etablere ny kommune tidleg våren 2016.
7. Veggen vidare i høve Bergen vert å avklare seinast i kommunestyremøte 17. juni 2015.

Kommunestyret - 24/2015

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå KrF v/Marit Jøssang:

1. Meland kommune inviterer nabokommunane Lindås og Radøy til konkrete forhandlingar med sikte på å kunne fatte vedtak våren 2016 om å etablere ein ny kommune. Det vert oppretta eit politisk forhandlingsutval som består av ordførar, varaordførar og leiar for det største opposisjonspartiet. Formannskapet er styringsgruppe.
Rådmann tiltre forhandlingsutvalet administrativt. Det er eit mål at forhandlingane kan starte opp snarast.
2. I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:
 - a) Innbyggjarane og deira behov skal stå i sentrum.
 - b) Nærleik til innbyggjarane er viktig, særleg med tanke på desentralisert tenestetilbod.
 - c) Levande lokalsamfunn i Nordhordland må oppretthaldast og utviklast.
 - d) Likeverd mellom kommunane. Kommunesamanslåing vil seia å byggja ein ny kommune, ikkje å endra eller utvida ein eksisterande.
 - e) Innbyggjarar, næring og industri, lag og organisasjonar, og tilsette i kommunane bør involverast i prosessen på ein god måte.
 - f) Gjeldande planverk i kommunane skal gjelda som kommunedelplanar fram til nytt felles planverk er vedteke.
3. Det politiske forhandlingsutvalet har ansvar for å gjennomføre forhandlingane. Rådmann fungerer som sekretær.
4. Forhandlingsutvalet sitt mandat er dessutan å utarbeide.
 - framdriftsplan
 - overgangsordningar
 - framlegg til politisk organisering
 - felles søknad til Kongen om ny kommune
5. Forhandlingsutvalet orienterer fortløpande administrasjonsutval, formannskap og kommunestyre.
6. Kommunestyret i Meland tek sikte på å handsame sak våren 2016 om å søkje om å etablere ny kommune.
7. Vegen vidare i høve Bergen vert å avklare seinast i kommunestyret 17. juni 2015.

Framlegg til vedtak frå Samarbeidslista, MDG og SP:

Meland kommune ønskjer å gå i drøftingar for å klargjera fordelar og ulemper ved å gå saman med Lindås og Radøy om å etablere ein ny kommune, og å klargjera fordelar og ulemper ved å halda fram som eigen kommune. Drøftingane må vera ferdige i løpet av våren 2017, slik at det kan haldast rådgevande folkeavrøsting i sambandet med stortingsvalet i 2017. Endeleg vedtak i kommunestyret vert gjort innan utgangen av 2017.

Utvalet som skal gå i drøftingar frå Meland kommune skal bestå av ordførar, varaordførar og ein representant for det største partiet med alternativt syn på kommunereforma.

Subsidiert framlegg til vedtak frå Åshild Aamli:

Under punkt 5 skal det leggjast til følgjande:

og syter for at innbyggjarane får fortløpande informasjon og blir høyrde gjennom folkemøte.

Under punkt 6:

Kommunestyret i Meland tek sikte på å gjennomføre rådgjevande folkeavrøysting på grunnlag av forhandlingsresultatet våren 2016, før kommunestyret handsamar saka.

Avrøysting:

Framlegget frå SAM, MDG og SP fekk 7 røyster for, (4 SP, 2 SAM, 1 MDG), 20 røyster mot, (H, AP, FrP, KrF, V, Uavh), og fall.

Framlegget frå KrF fekk 23 røyster for, (3 KrF, 6 H, 5 AP, 3 SP, 3 FrP, 2 V, 1 Uavh), 4 røyster mot, (2 SAM, 1 Sp, 1 MDG), og er såleis vedteke.

Subsidiert framlegg frå Åshild Aamli pkt. 5 fekk 7 røyster for, (2 SAM, 4 SP, 1 MDG), 20 røyster mot, (6 H, 5 AP, 3 KrF, 3 KrF, 2 V, 1 Uavh), og fall.

Subsidiert framlegg frå Åshild Aamli pkt. 6 fekk 18 røyster for, (2 SAM, 5 AP, 4 SP, 3 FrP, 1 MDG, 1 Uavh), 11 røyster mot, (6 H, 3 KrF, 2 V), og er såleis vedteke.

KS - vedtak:

1. Meland kommune inviterer nabokommunane Lindås og Radøy til konkrete forhandlingar med sikte på å kunne fatte vedtak våren 2016 om å etablere ein ny kommune. Det vert oppretta eit politisk forhandlingsutval som består av ordførar, varaordførar og leiar for det største opposisjonspartiet. Formannskapet er styringsgruppe.
Rådmann tiltretr forhandlingsutvalet administrativt. Det er eit mål at forhandlingane kan starte opp snarast.
2. I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:
 - a) Innbyggjarane og deira behov skal stå i sentrum.
 - b) Nærleik til innbyggjarane er viktig, særleg med tanke på desentralisert tenestetilbod.
 - c) Levande lokalsamfunn i Nordhordland må oppretthaldast og utviklast.
 - d) Likeverd mellom kommunane. Kommunesamanslåing vil seia å byggja ein ny kommune, ikkje å endra eller utvida ein eksisterande.
 - e) Innbyggjarar, næring og industri, lag og organisasjonar, og tilsette i kommunane bør involverast i prosessen på ein god måte.
 - f) Gjeldande planverk i kommunane skal gjelda som kommunedelplanar fram til nytt felles planverk er vedteke.
3. Det politiske forhandlingsutvalet har ansvar for å gjennomføre forhandlingane. Rådmann fungerer som sekretær.
4. Forhandlingsutvalet sitt mandat er dessutan å utarbeide.
 - framdriftsplan
 - overgangsordningar
 - framlegg til politisk organisering
 - felles søknad til Kongen om ny kommune
5. Forhandlingsutvalet orienterer fortløpande administrasjonsutval, formannskap og kommunestyre.
6. Kommunestyret i Meland tek sikte på å handsame sak våren 2016 om å søkje om å etablere ny kommune.
Kommunestyret i Meland tek sikte på å gjennomføre rådgjevande folkeavrøysting på grunnlag av forhandlingsresultatet våren 2016, før kommunestyret handsamar saka.
7. Vegen vidare i høve Bergen vert å avklare seinast i kommunestyret 17. juni 2015.

